

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Endring av punkt 2 og 3

I punkt 2:

"Vertskommunen" vert endra til "vertskommunane"

Nytt punkt 3:

Det er ein føresetnad for eit fylkeskommunalt tilskot at staten gjev eit vesentleg økonomisk bidrag til arrangementet.»

### Avrøysting

Innstillinga med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på Norges Vektløftarforbund sitt initiativ til å søkje om å vere vertskap for VM i vektløfting i Sunnfjord i 2025.
2. Dersom meisterskapet vert tildelt kan Vestland fylkeskommune støtte arrangementet med inntil tilsvarande tilskotssum som vertskommunane. Eit eventuelt tilskot må handsamast i samanheng med budsjettprosessen i 2023, 2024 og 2025.
3. Det er ein føresetnad for eit fylkeskommunalt tilskot at staten gjev eit vesentleg økonomisk bidrag til arrangementet.